

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/22	Formannskapet	PS	01.09.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA-P24, FA-Q31	22/893

Kaier og bruer i Austrheim kommune

Vedlegg:

Austrheim - Rapport Inspeksjon bruer og kaier 2021 - 25.05.21

Kaier 2022

Vedlikeholdsansvar for statlige kaier - Kystverkets region Vest (L)(121699)

Framlegg til vedtak:

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaier som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaier som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaier.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.

Formannskapet - 074/22 - 01.09.2022

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Det er ein del manglar ulike stader, som manglande sperre for kjøretøy mot kaikant (jernbanesviller), og stige frå sjø. Har ikkje sett på om kaiane er svekka, her ser Myrmel for seg at ein kan ta fram saka frå 2012 med tanke på kva kommunen skal eiga og kva kaier ein skal avhenda. Er store kostnader ved ein del kaier. Dei som er vurdert som svekka må stengast til ein får vurdert dette med bereevne betre. Alle kommunale kaier må ein vurdera, og må også ta fatt i dei fylkeskommunale kaiane der kommunen har ansvar. Kva som er viktig med tanke på beredskap er også noko som må vurderast. Myrmel signaliserte at det er for mange kommunale kaier i dag, som ein ikkje vedlikeheld.

Myrmel sa om Njøtebrua at rekkverket berre er eit nettinggjerdje og det må ordnast straks, slik at kommunen ikkje risikerer å komma i eit erstatningsansvar.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det vert ved avhending, og om kommunen kan gjera dette utan oppgradering først. Myrmel svara at det er naturleg å spørja grunneigar dei plassane der ein må gjennom tun for å komma til desse kaiane. Andre stader er det naturleg å ta det med lokale bygdelag,

det har ein alt på plass enkelte stader slik at det er ein bygdekai som er offentleg tilgjengeleg. Morten Sognnes (H) viste til at det fungerer bra med kaien som bygda har på Fonnes, men den kommunale vegen ned dit er nedkjørt og treng grus/asfalt. Her sa ordførar Per Lerøy (Ap) at det har komme innspel på asfalt på grunn av bular som tek nedi når dei skal ned på kaien.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er mange kaiar som er tilgjengelege i dag, og det kan gjera kommunen mindre attraktiv om mange av desse vert stengde eller selde til private. Til dette kommenterte Rolf Henning Myrmel at det er kommunen sitt ansvar som er viktig, kanskje kan kaien stengast for bilar men vera open for ta med campingstolen. Ein av dei kaiane som er viktige for kommunen er kaien i Mastrevik, som vert brukt av elevskys, der er det tilråding om meir nøye kontroll.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til arbeidet med interkommunal plan for sjøareal, her må ein ta med seg at kaiar i Austrheim er mykje brukt av også fiskarar, som treng kaiar i samband med utøving av yrket sitt. Men kommunen kan kvitta seg med kaiar der ein ikkje kan bruka pengar på vedlikehald.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommundirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS vedtak:

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen har vedlikehaldsansvar for 17 kommunale/offentlege kaiar, det gjelder og molokaiene på Fonnes og kaien inne på moloen på Hopland. Desse to kaiane er bygd av kystverket og er no overført til Vestland fylke. Vedlikehaldsansvaret ligg framleis til kommunen. Alle kaiane har stort vedlikehaldsetterslep. Ein har i oppsettet skilt mellom lovpålagte utbetringar og utbetringar som trengs for å sikre kaiane.

Vurdering

Safecontrol har hatt inspeksjonen på 4 bruer og 7 kaiar tilhøyrande Austrheim kommune. Ein vil i 2023 få Safecontrol til å utarbeide rapportar på resten av dei kommunale kaiane og på molokaiene på Fonnes og Hopland som kommunen har ansvaret for. Totalt 17 kaiar.

Desse kaiene anbefalast spesialinspeksjon:

- K 002 Baløy kai. Spesialinspeksjon anbefalast grunna mange uoversiktlege skader/mangler. Bør vurderast stengt inntil skadeomfang er kartlagt.
- K 004 Øksnes kai. Spesialinspeksjon anbefalast grunna uoversiktlege skader/mangler.

· K 007 Mastrevik kai. Spesialinspeksjon anbefalast grunna uoversiktlege skader/mangler. Kostnadene på desse kaiene kan fort bli mange millionar.

Teknisk drift har og hatt ei registrering av kaiar som Safecontrol ikkje har hatt inspeksjon på. Ein har her hatt fokus på manglar som går på tryggleiken til brukarane. Ein har i denne registreringen og funne at det er skadar/brot på oppankring av flytebrygga i Mastrevik. Dette er ein skade som må utbetrast raskt. Følgeskadar vis flytebrygga slitnar kan vere store.

På bruene er det registrert ein mindre reperatur på Krossøy bru. På brua til Njøten er det ikkje køyresterkt rekkverk, dette må utbetrast.

Vedlikehaldsbehovet som er knytt opp mot sikring av kaiar og bruer er på ca 1.05 mill. der ca 0,66 mill. kan førast på investering. Kostnadene for utvida inspeksjon og oppgradering av kaiene kjem i tillegg. Oppgradering av kaiene kan fort bli mange millionar. Det vil ein utvida inspeksjon avklare. Det er derfor svært viktig å avklare kva kaiar kommunen skal ha og avhende kaiar som ikkje har ein beredskaps eller næringsfunksjon. Midlar frå kaiar som kommunen kan avhende kan nyttast til oppgradering av kaiar ein beheld.

Konklusjon

Teknisk drift må tilførast 1.05 mill til ekstra vedlikehaldsbehov som er knytt opp mot sikring av kaiar og bruer. der ca 0,66 mill. kan førast på investering. Tilbod på utvida inspeksjon av kaiar må innhentast. Arbeidet med avklaring av kva kaiar kommunen kan avhende må takast opp igjen.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiene. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiene og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiene på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.